

FYLTE TORGET: Bø torg vart fylt opp av hundrevis av musikantar som kom frå heile landet for å vere med på musikkfestival i Midt-Telemark.

# Forrykande festival

**Musikantar frå heile Noreg fylte Bø torg under opninga av Sommarland-festivalen. Blant dei var Haug musikkorps, som har deltatt på festivalen sidan starten i 1991.**

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

Sommarlandfestivalen er den 31. i rekkja. Fredag blei rånebilar og annan fredagstrafikk i Bøgata bytta ut med korpsmusikk og torget fylt med festivaldeltakarar frå heile landet i fargerike uniformer.

Med flaggborg i spissen marsjerte 41 korps frå Gullbring til Meieritorget og ned Bøgata til Bø torg. Dei kom frå Melbu i nord til Arendal i sør, og saman med eit blokkfløyteensemble, eit kor og følgje utgjorde dei i helga 1500 festivalbesøkande i Bø.

På torget blei alle samla til velkomsttale av ordførar Siri Blichfeldt Dyrland og velkomsthelsing av musikantane Wisse Renssen og Lara Tello i Bø skulemusikk. Tradisjonen tru blei det også felles speling, leia av Jon Rørmark.

Ordføraran stod på balkongen mens torget gradvis blei fylt opp med musikantar.

– Det er heilt fantastisk å stå her og sjå alle dei flotte korpsa. Me er heldige i kommunen vår som har tre store arrangement for barn og unge tre helger på rad, og alt er basert på frivilligheit, sa ordføraren til Bø blad.

## 27. gong på festival

Mange korps trivst på Sommarlandfestivalen og Haug musikkorps er eit av dei. Det tilrettelagde korpset frå Bærum har vore med heilt sidan starten. Dei stilte i år med 14 musikantar i alle aldrar. Med følgje var dei ein gjeng på 38 personar.

– Nå er det 27. gong me deltar, fortel dirigent Henning Bøgh.

*– Kvifor kjem de tilbake år etter år?*

– Fordi me blir tatt så vel imot her og me trivst. Før fyrste festival tok eg kontakt og spurte om me kunne kome, og fekk beskjed om at me var hjarteleg velkomne, seier Bøgh.

Sidan har dei vore faste gjester, med unntak av to år med korona og to år med eiga jubileumsfeiring. I helga spela dei i Gullbring og Sommarland.

Musikantane i Haug musikkorps er strålande fornøgde med å vera tilbake.

– Sommarlandfestivalen er gøy, er meldinga til Bø blad.

## – Artig å vera med

Festivalhelga heldt fram med fleire konsertar i Gullbring, på Bø torg, i Sommarland og Bø kyrkje. Søndag blei festivalen avslutta med marsjering i parken.

Bø kulturnettverk er arrangør av festivalen, som er eit stort dugnadsløft med mange aktørar. Bø skulemusikk, Bø janitsjar, Bø ungdomslag, Korskulen i Bø kyrkje og koret Akantus jobbar dugnad på festivalen.

Kari-Iren Eriksen Almankås var på vakt for Akantus fredag kveld og viste korpsa vegen inn på torget.

– Eg sakna å jobbe dugnad da ungane var ferdig i korpset. Det er kosleg og artig å vera med, seier dugnadsarbeidar Kari-Iren.

*Sjå fleire bilde på boblad.no*



DUGNAD: Kari-Iren Eriksen Almankås jobbar dugnad for koret Akantus og synest det er moro å vera med.



GØY MED FESTIVAL: Haug musikkorps frå Bærum stortrivst på Sommarlandfestivalen.



BØ SKULEMUSIKK: Heimekorpset Bø skulemusikk avslutta paraden.